

Skodjerittet

Laurdag 25. september vert Skodjerittet arrangert for første gong!

Skodjerittet er eit sykkelløp med lagstart for kommunetilsette i regionen. Løypetrasé: Gomerhuset-Straumen-Stette-Engesetdal-Fylling-Gomerhuset.

Dette vert ein folkehelsefest med mykje sykkelmor, der blant anna ordførarane skal konkurrere på sparkesykkel. Denne dagen vert det delt ut premie for beste tid og beste heialag, samt ein "kreativitetspris". I tillegg vil den mest aktive eininga i årets sykle-/gå-til-jobben aksjon i Skodje få ein velfortent premie. Arrangementet er ein del av Skodjedagane 2010.

Program:

- 13.30: Registrering (til kl. 14.00)
- 14.00: Felles oppvarming
- 14.15: Felles lagstart med 2-4 minutt mellomrom
- 16.00: Ordførarkampen på sparkesykkel
- 16.30: Premieutdeling

Kulturpris og eldsjelpreis

Skodje kommune ynskjer forslag på kandidat for kulturpris og eldsjelpreis for 2010.

Kulturprisen skal gå til personar eller organisasjonar som har fremja kulturarbeidet i kommunen.

Eldsjelprisen skal gå til personar som har ytt stor frivillig innsats i kommunen.

Les meir om statuttane for dei to prisane på skodje.kommune.no, under «Kultur og idrett».

Framlegg på kandidat skal sendast til Skodje kommune, rådhuset, 6260 Skodje, innan 20.09.10.

Gomerhuset

Gomerhuset er snart ferdig. Midt i september kan vi begynne å flytte biblioteket, og montere inventar og møblar.

Første arrangement er Skodjedagane 25.-26. september.

Gomerhuset er klart til bruk for alle måndag 11. oktober, dvs. etter skulane sin haustferie.

Offisiell opning vert i Kulturveka 2010, som vert arrangert frå 23. til 31. oktober.

Kantine

Lissa Moe Hansen er dagleg leiar for kantine/kafédriфта i Gomerhuset. Det vert både kantine for elevane ved Skodje ungdomsskule og open kafé for alle.

Kantina vil truleg vere i drift frå 11. oktober. Meir informasjon om tilbod og opningstider kjem seinare.

Heimeside

I løpet av september vil Gomerhuset få si eiga heimeside, www.gomerhuset.no, som m.a. vil ha eit e-billettssystem der ein kan kjøpe billetter til arrangement på huset.

Skatteoppgjeret 2009

Det ordinære skatteoppgjeret for inntektsåret 2009 vert lagt ut 20. oktober. Dette gjeld både personlege skattytarar, næringsdrivande og aksjeselskap.

Personlege skattytarar / næringsdrivande

Skattytarar med skatt til gode, vil få dette utbetalt i veke 42.

Restskatt forfell til betaling 10. november 2010. Dersom restskatten er over 1 000 kroner, vert 1. termin å betale innan 10. november og 2. termin innan 15. desember.

Aksjeselskap

Beløp til gode vert sendt på utbetalingskort i veke 42. Dersom det er ynskjeleg å få beløpet overført til konto, må skatteoppkrevjarkontoret ha melding om dette innan 15. oktober, helst på e-post til skatt@skodje.kommune.no.

Restskatt forfell til betaling 10. november 2010.

«Gå for åpenhet»

Markering av verdsdagen for psykisk helse søndag 10. oktober kl. 12.30 på Gomerhuset i Skodje.

Program:

- 13.00: Foredrag ved Per Christian Brunsvik: «Når vi sprenger våre fysiske grenser, greier vi da å spenge våre psykiske?»
- 14.00: Bøy & Tøy
- 14.15: Foredrag ved Anne Lise Mikkelsen Tellnes: «Tilbake til arbeidslivet»
- 15.00: «Gå for åpenhet» - felles turmarsj i lysløypa ved Gomerhuset
- 16.00: Aktivitetar for heile familien utandørs og innandørs, sal av mat og kaffi

Stad:

Gomerhuset ved Skodje barne- og ungdomsskule

Pris:

Kr 50,- pr. familie
Kr 30,- for einskildpersonar

Der vil vere aktivitetar langs lysløypa som borna kan delta på under heile arrangementet.

Til orientering

Restskatt skal betalast til skatteoppkrevjaren i Skodje, kto. 6345 06 15295. Betalinga skal ha eit KID-nr. Lag KID-nummer på skatteetaten.no. Hugs å velje 2009 som skatteår. Skatteoppkrevjaren kan òg gje KID-informasjon. Innbetalingsblankettane vert utsendt i god tid før forfall.

Skattekontoret (tlf. 800 80 000) kan svare på spørsmål som gjeld likninga. Skatteoppkrevjaren kan svare på spørsmål som gjeld avrekninga.

Fristen for å klage på likninga ved det ordinære skatteoppgjeret er 10. november.

Skattelistinge vil vere offentleg tilgjengeleg frå 20. oktober og i tre veker framover.

Renovasjon

Skodje kommune har fått melding frå renovatøren om at ein del dunkar er overfylte, og luktar vondt pga. dårleg reinhald. Vi viser til retningsliner for oppbevaring og innsamling av avfall i Skodje kommune, § 9: «Dunken skal ikkje fyllast slik at lokket ikkje tettar. [...] Det er abonnenten som har ansvar for reinhald av dunk.»

- Det er høve til å kjøpe ekstra sekkar
- Det er òg høve til å få større dunk

Klescontainer

Vi har eit problem med klescontaineren på Valle, der det ofte vert kasta avfall som øydeleg innhaldet i containeren. Dette medfører at klede som er innleverte for gjenbruk, i staden må leverast til forbrenning. Vis respekt for andre sin miljøinnsats!

Brøyting

Kommunal brøyting av private vegar i 2010/2011.

Dei som ynskjer å få sin private veg brøyt av Skodje kommune, kan søkje kommunen om dette innan 25.09.2010.

Vegen skal vere over 50 m og ha snuplass i enden.

Søknadsskjema får ein på servicekontoret, eller på skodje.kommune.no.

Neste Kommunenytt

Neste *Kommunenyt* kjem ut ca. 10. desember. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 2. desember.

Skodje-popen i farta!

Mønstring av det lokale kulturlivet

Laurdag 30. oktober vil skodjebygdarane få ei fantastisk avslutning på ei vekelang opning av det nye kulturbygget Gomerhuset. Det startar med at ei rekkje lokale kunstnarar vil vise breidda av det lokale kulturlivet i kommunen. Dette vil foregå på fleire scener samtidig og publikum vil kunne gå rundt i heile kulturhuset og oppleve ting og artistar etter eige ønske. Og det er til alt overmål gratis.

Dansegalla med tre lokale band

Når laurdagen vert avslutta med stordans, vil ikkje eingong konsertsalen, med plass til 350 personar, vere stor nok. Difor er idrettshallen arena når ikkje mindre enn 3 band står på scena samtidig, for å gje publikum ein storslått dansegalla som dessert.

Også her vert lokale krefter henta inn. Når band som *Bloodhounds*, med gullalder på 60-talet, og *Midt Norge*, kjent frå 80- og 90-talet, samlast igjen for å gje publikum flashback til langt inn i både giktfoot og rockefot, då tippar vi at skøyebandane vil gå mann av huse for å få med seg dette showet. Eit heilt nystarta skøyeband vil også stå på scena, nemleg *Rubbel & Beat*, som vil ha sin første offentlege opptreden denne kvelden.

Med desse tre banda i sving samtidig vil vi altså få presentert meir enn 50 års lokal musikkhistorie på éitt fat, eller rettare sagt på éi scene. Vi håpar å kunne samle oppimot 1 000 publikummarar til denne dansegallaen, seier representantar for arrangøren, som oppmodar publikum til å skaffe seg billetter så snart dei vert lagt ut for sal.



Dette skjer

I år arrangerer Skodje skulekorps SkodjeDagane i Gomerhuset 25. og 26. september.

Program

Den årlege kunstutstillinga vil, saman med messe-stands ute og inne, gje SkodjeDagane 2010 verd t å oppsøkje.

Vi har:

- Kafé og kiosk
- Loppemarknad
- Tombola, lykkehjul osv.

Kultursjef Magne Fylling vil stå for opninga av SkodjeDagane 2010.

Skodje skulekorps arbeider no fram mot ei spanande messehelg, med variert program og underhaldning for einkvar smak. Detaljert program for dagane vert annonsert seinare.

Skodje kommune satsar stort på utbygging av nytt idretts- og kulturbygg i Skodje sentrum. Vi er så heldige å få bruke Gomerhuset som arena for vårt årlege storarrangement.

Lopper

I samband med SkodjeDagane vert det også i år loppemarknad. Om du har gjenstandar du ikkje lenger har bruk for, men som andre kan ha glede og nytte av, tar vi gjerne i mot desse.

Det er mykje som passar på ein loppemarknad: Koppar og kar, sportsutstyr, bøker, teikneseriar, småmøblar, veggpynt osv.

Større møblar, kvite- og brunevarer og klede kan vi diverre ikkje ta i mot.

Loppene kan leverast direkte i idrettshallen fredag 24. september mellom kl. 18 og 20.

Treng du hjelp til transport kan dette avtalast ei veke på førehand med Kjell Arne Moe, tlf. 977 09 353 eller Odd K. Enebakk, tlf. 952 21 004.



"Kommunenyt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Redaksjon og layout: Knut Berg. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no